

# Kvar kjem aksepten for å øydeleggje norsk natur ifrå?

**NORSK ENERGIPOLITIKK** bygger i stadig mindre grad på ålmenn aksept i befolkninga. I 2019 vart det rimeleg klart for dei fleste at vindkraftutbygging i norsk natur ikkje er tufta på ei berekna- tung naturforvaltning og på samfunnet sine interesser.

**NATURØYDELEGGINGANE VED** vindkraftutbygging er svært store. Dei omfattar inngrep i natur og landskap ein aldri før har sett i Noreg. Urørt, intakt natur vert bygd ned. Kvadratkilometer med hei-landskap i Agder og Rogaland vert påført sår som berre ei ny istid kan endre. I den vestlegrandsona til Ålfotbreen Landskapsvernområde veks no Guleslettene vindkraftanlegg opp. Den unike kystnaturen Stortinget gav vernestatus i 2009 er ikkje meir verd enn at eit vindkraftverk kan pryde utsynet mot Nordsjøen.

**SOGN OG Fjordane** som region har eit kraftoverskot på 10 TWh. I eit normalår produserer Noreg ca. 145 TWh og har eit årlig kraftoverskot på ca. 15 TWh. Kystlandskapet frå Stad og vidare nordover vert i omfattande grad nedbygd. Fosenshalvøya frå Smøla til Røyrvik gjev ei mest samanhengande rekke vindturbinar. Statkraft anslår produksjonen i Storheisvindkraft, med sine 278 turbinar til 3 TWh. NVE sitt anslag for årlig auka kraftproduksjon er grunna auka nedber til samanlikning 3,4 TWh.

**EIT AV** dei aller mest naturøydeleggande vindkraftanlegga er Raudfjell og Kvittfjell aust om Sommarøy på Kvaløya. Tromsø kommune sa nei, NVE sa ja trass svært stor lokal motstand. Naturøydelegginga langs Malangen er heilt ute av akseptable ramar.

**NÅR NRK** spør NVE sin vindkraftdirektør Arne Olsen om korleis opprydding i dette og andre anlegg skal føregå er svaret nedslående. NVE har i fylgje NRK Trøndelag ikkje nokon plan på korleis opprydding av anlegget på Kvaløya eller i andre deler av landet skal føregå. Kostnadane kan verte sær store for både kommunar og grunneigarar. Ifylgje E24 må heile 60.000 tonn glasfiber frå turbinblada destruerast.

**REGJERINGA SOLBERG** trekte hausten 2019 Nasjonal råde for vindkraft. Eit av hovudmåla med nasjonal råde var å dempe konflikt. Den oppfylgjande vindkraftmeldinga slår tvert imot fast at



**KLAR TALE:** Vindkraft øydelegg norsk natur, norske landskap og norske lokalsamfunn på heilt uakseptabelt vis, skriv Marino J. Ask  
FOTO: ANKIV

vindkraft i urørt landskap er framtidsretta. Konfliktane som innbyggjarar i utbyggingsråka kommunar opplever har aldri vore fleire. Dette skuldast manglande aksept for dei naturinngrepa vindkraftutbygging medfører - ikkje mangel på lokaleinntekter slik meldinga tek til orde for å auke. Stadig fleire lokalpolitikarar står no fram med uttalt anger på tidlegare positive vindkraftvedtak.

**SAMFUNNSOPPDRAGET TIL** regjeringa og nasjonalforsamlingar å sikre tilgang på fornybar energi, og ikkje vere marknadsfører for vindkraftnæringa. La Naturen Leve uttrykte i møte med statsråd Tina Bru 6. mars i år sterk uro for manglande fagleg kvalitet i konsekvensutgreiingane i vindkraftsaker. Selskap som står for fagleg utgreiing er jamvel eigde av vindkraftutbyggjar, og sit i styret til Norwea.

**POTENSIALE FOR** å effektivisere energibruk i offentlege og private bygg er betydeleg. Likeeins oppgradering av vasskraftanlegg. Då er ikkje geotermisk energi nemnt. Jordvarme kan lett svare store mengder fornybarenergi.

**VINDKRAFTNÆRINGA HAR** lobbyorganisasjonar til å tale sisak. Med Norwea og Zero i front vert retorikken finpusa og bodskap utmeisla til å sterkt

oppmøde oss alle til klimadugnad for EU.

**I SVÆRT** liten grad vert tap av natur og biologisk mangfald nemnt. Ei heller dei samfunnsmessige tap ein opplever i mange deler av landet.

**URFOLK SINE** interesser vert heilt sett vekk frå av NVE og regjeringa Solberg. Røynslene frå Øyfjellet vindkraft i Vefsn kommune talar sitt tydelege språk. Saka er breitt dokumentert av mellom anna NRK Nordland. 90 millionar kroner er erstatninga reindrifts-samane på Fosen får utbetalt for å late storsamfunnet heilt ta bort grunnlag for å vidareføre sitt naturbaserte levesett. Dette skjer i Noreg i 2020.

**HØVELEG NOK** gjorde Statsminister Erna Solberg unntak for territoriale konflikta i si orsaking til det samiske folk under «Tråante» i Trondheim i 2017. Statsminister Solberg grunn gav dette med at «storsamfunnet trenger område for å skaffe arbeidsplasser». Med andre ord, då må samisk kultur og levesett nok ein gong vike for staten sine interesser.

**ERTERTIDA VIL** svært truleg gje ein dystyr karakter av regjeringa Solberg sin naturforvaltningspolitikk. Diverre har òg fleire parti vankar med å sjå forbi dei

økonomiske krava vindkraftindustrien fremjar og som oftast vert innfridde. Gunstige avskrivingsreglar, elsertifikatstøtte på anslagsvis 30 milliardar og kostnadefri bruk av natur og landskap er kva dei krev, og som regjeringa tildele vindindustrielskapa. I tillegg grunnrenteskatt, konsesjonskraft, konsesjonsavgift, natur-ressurskatt og GIEK-støtte.

**ATTENDE SIT** lokalsamfunn med øydelagd natur, tap av natur- og friluftslivskultur. Det finst unntak. Oslo og deler av Viken fylke har gjort eit viktig grep. Her tryggar «Markalova» 1.700 km<sup>2</sup> friluftslivsnatur. Til samanlikning er Jostedalbreen si iskappe omlag 490 km<sup>2</sup> stor. Elles i landet vert urørde naturområde knapt verdivurderte for vindkraftselskap som Fred Olsen Renewables og Zephyr på svært unorsk vis krev landskapet til sin råderett.

**VINDKRAFT ØYDELEGG** norsk natur, norske landskap og norske lokalsamfunn på heilt uakseptabelt vis. Det faktum er ikkje tema i regjeringa Solberg si vindkraftmelding. Det må det verte når Stortinget skal handsame saka til hausten. Våre fremste folkevalde må no stogge nedbygging av norsk natur med dei store negative fylgjene det medfører!

MARINO J. ASK  
STYRELEIAR I LA NATUREN LEVE